



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 10.03.2017
Stad: Telefonmøte
Klokka 12:00 – 13:00

Tilstades: Gerd Helen Bø, John Opdal, Bjørn Laugaland,
Marthe Hammer, Morten Midlang, Sigbjørn Hauge

Forfall: Arnstein Menes, Arne Bergsvåg

Sekretariatet: Trude Rinaldo, Hanne Sundbø og Jostein Eitrheim frå Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 09/17 Årsmøtesaker, førebuing:

Årsmøtesak 03/17 Årsmelding 2016 med revidert rekneskap for 2016

Styret ønskjer ein i årsmøtet føretar ein gjennomgang av detaljer for konti som Har store endringar frå 2015 til 2016.

Vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Årsmelding for Fjordvegen Rute 13 året 2016 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Styret sitt framlegg til Rekneskap for Fjordvegen Rute 13 året 2016 vert godkjent slik det føre. Underskotet 2016, stort 176.993 kr vert dekkja av eigenkapitalen.

(Revisormelding: vert lagt fram i årsmøtet)

Årsmøtesak 04/17 Fastsetjing av kontingent 2018

Styret tilrår slik endring i kontingenten for Fjordvegen Rute 13 frå 2017 til 2018.

Framlegg til vedtak:

Kontingent 2018 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 35.000
Medlemskategori 2: Næringssselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 10.000
Medlemskategori 3: Næringssselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Fylkeskommunar	kr 85.000

Årsmøtesak 05/17 Handlingsplan og Langtidsbudsjett for 2018-2020

I tråd med Vedtekter § 5 skal Årsmøtet vedta treårig handlingsplan og langtidsbudsjett med rullering for kvart år. Styret legg dei konkrete tiltaksplanane for profilering og for påverknad denne til grunn for arbeidet.

Vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Handlingsplan 2018-2020 vert vedteken slik han ligg føre etter drøftinga i Årsmøtet.
2. Framlegg til Langtidsbudsjett vert 2018-2020 vert vedteken slik det ligg føre etter drøftinga i Årsmøtet.

Årsmøtesak 06/17 **a) Val av styremedlemmer for 2 år 2017-2019**
b) Val av leiar og nestleiar
c) Val av valnemnd

a) Val av styremedlemmer for 2 år, 2017-2019.

Etter vedtektene skal det vera eit styre på 8 medlemar. Dei 3 fylkesoppnemnde sit 4 år i tråd med Fylkestinget sin valperiode. Årsmøtevalde sit for 2 år om gongen med utskifting av 3 og 2 medlemmer annakvart år.

Styret i 2016:**2016/2018 (på val 2018):**

Gerd Helen Bø, Suldal kommune -Styreleiar

Morten Midlang, Vik kommune

2016/2017 (på val 2017):

John Opdal, Odda -Styrenestleiar

Bjørn Laugaland, Hjelmeland kommune

Sigbjørn Hauge, Voss kommune

2015/16 Varamedlemmer i rekkefølge:

1. Edmund Utne, Hotel Ullensvang
2. Solfrid Borge, Ullensvang herad
3. Harald Offerdal, Balestrand kommune

Fylkesoppnemnde 2015-2019:

Arne Bergsvåg, Rogaland fylkesk. varamedlem: Svanhild Løge Skålheim

Marthe Hammer, Hordaland Fylkesk. varamedlem: Gard Folkvord

Anders Ryssdal, S&F Fylkeskommune varamedlem: Laila Rinde

Valnemnd 2017 : Marta Finden Halset (leiar), Hans Erik Ringkjøb, Torkel Myklebust.

Framlegg frå valnemnda på møtet.**b) Val av leiar og nestleiar 2017/2018:**

Desse skal veljast kvart år

Framlegg frå valnemnda på møtet.**c) Val av Valnemnd.**

Det er vanleg med utskifting av eitt medlem kvart år for å få både kontinuitet og nye vurderingar.

Framlegg frå styret på møtet.

Jostein Eitrheim
sekretær